

Fra: [Lars Olav Augestad](#)
Til: politikk-heradstyret@kvam.kommune.no
Kopi: kultur@hfk.no; [NVE](#); redaksjon@hf.no
Emne: Lyseelva kraftverk
Dato: 14. juni 2014 08:02:48

Til Kvam heradstyre.

møte den 17.juni 2014.

Det er søkt om konsesjon til å bygga Lyseelva kraftverk i Tørvikbygd.

Dette vil redusera vassmengda i Grindsfossen.

Grindsfossen dannar grunnlaget for kvern og sagmiljøet på Grind.

Der er to kvernar, ei frå 1600 talet og ei frå 1880 åra. Den siste er nyrestaurert og kan i dag brukast til å male korn.

Saga er frå 1885 og var ferdig restaurert i 2004, og har vore i bruk til demonstrasjonsskjæring kvart år sidan. I 2013 vart det skore ein god del material til reparasjonsarbeid på Bryggen i Bergen.

Dette er ei einblada oppgangssag som er bygd og konstruert på same vis som dei fyrste oppgangssagene som kom hit til landet i mellomalderen.

Fossen, kvernene og saga dannar eit interessant og fint miljø som mange som ferdast i området set stor pris på. Det er lett å koma dit på skogsbilvegen som ligg like ved.

Det er også god tilkomst for funksjonshemma, og ein spanande plass for born.

I 2004 vart Grinds saga tildelt Kvam herad sin kulturpris.

Eg ser at Fylkeskonservatoren er oppteken av vassføring i samband med drift, men like viktig er kulturopplevinga av staden året rundt. Fossen gjer at ein forstår kulturminnet og korleis det fungerer. Difor er det ikkje berre når saga er i drift at ho er eit kulturminne. Saga , fossen, kvernene , bordhuset og landskapet omkring er ein viktig del av heilheita for kulturminnet. Det vert då meiningslaust med desse bygningane liggjande med ei mest tørrlagt elv.

Eg har ikkje noko imot at det vert bygt kraftverk, men meiner at vassinntaket må kunna leggjast nedom fossefallet slik at fossen får renna slik som i dag.

Sidan garden min har rettigheter i elva til sag og kvernevatn. tykkjer eg det er underleg at eg ikkje har fått skriftleg informasjon om tiltaket.

Med helsing

Lars Olav Augestad.

(Tidlegare medeigar av sagbygningen. Saga vart gjeven i gåve til Tørvikbygd bygdemuseum i 1961 frå Elen Augestad og Lars Olav Augestad)

Kopi til:

HORDALAND FYLKESKOMMUNE, kulturminnevern og museum.

NVE

Hordaland folkeblad